

Innspel områdereguleringsplan for Langelandskogen

FAU ved Meland ungdomskule er positiv til at det er sett av areal til offentleg og privat tenesteyting, som er tiltenkt skuleformål i planen. Det er vanskeleg å uttale seg om kva kvalitet areala har som skuleformål. Vi kan ikkje sjå at det er gjort ei vurdering om beste plassering av skule i planområdet. Vi vil likevel be om at området til skule vert plassert i det best eigna området. Det må takast omsyn til god infrastruktur for mjuke trafikantar, og god tilkomst for rørslehemma. Ein må også syte for at området har gode uteareal som bidreg til gode sosial møteplassar og for fysisk aktivitet. Området må også være stort nok til rikeleg med undervisningsareal, spesialrom, gymsal og allrom. Vi ser også at ein planlegg symjehall i planområdet. Vi vil forslå at den blir plassert i tilknytning til skulen for å nytte felles parkering, garderobe og anna mogeleg fellesbruk.

Kapasiteten på Meland ungdomskule er for lengst sprengt. Bygningsmassen er langt frå tilfredsstillande og det er dårlege arbeidsforhold både for elevar og tilsette. FAU ber om at Alver kommune etter godkjent plan, utan opphald sett i gong med detaljregulering av ny ungdomskule.

For FAU Meland ungdomsskule, Bjørn Gripsgård Knudsen

14.02.2022